Fylkesmannen
i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Gøsta Hagenlund
Telefon: 57 64 31 21
E-post: fmsfgh@fylkesmannen.no

Vår dato
20.12.2016
Dykkar dato
6.7.2016

Vår referanse
10/4368
Dykkar referanse

Sunde Resirk as

Bakgrunn for, og forklaring til, utsleppsløyve for handtering av avfall ved Sunde Resirk as, Utladalen – gebyr for saksbehandling

Fylkesmannen endrar løyve etter ureiningslova til handtering av avfall ved Sunde Resirk as sitt anlegg i Utladalen.

Endra løyve med tilhøyrande vilkår vert send saman med denne oversendinga. Dokumenta må sjåast i samanheng. Dette dokumentet gir bakgrunn for saka, grunngjeving for vedtak og nærare tolkingsgrunnlag for dei juridiske vilkåra (rang som lovtekst for verksemda) i løyve-dokumentet.

Forvaltninga sitt arbeid med utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, og verksemda vil få betalingskrav i etterkant.

Vi viser til søknad frå Sunde Resirk as 6.7.16. Løyvet er no tilpassa faktisk aktivitet, og det er gjort endringar for å oppdatere innhaldet i nokre vilkår til betre å samsvare med nye, over-ordna lovgrunnlag. Det har ikkje vore hensikta å lempe på tidlegare vedtekne krav til vern mot ureining frå verksemda.

Dette oversendingsbrevet omtalar, og gir nokre forklaringar på, endringar i løyvet. Nokre av vilkåra er tekne med for å få mest mogeleg heilskap i dei viktigaste krava til aktivitet ved verksemda. Slike krav kan også gå fram direkte av lovverket, men kan vere presisert eller tilpassa aktivitetane her. Merk at både vilkår og vedlegg til løyvedokumentet er ein del av dei juridiske krava til verksemda. Verksemda må leggje dokumenta til grunn for all dagleg drift som kan påverke ytre miljø, og som viktig føring for utarbeiding og oppfølging av intern-kontroll.

Saksframstilling

Sunde Resirk as er ei etablert verksemd som driv med handtering av ordinært og farleg avfall. Verksemda har søkt om endring av nokre av vilkåra i løyvet for å ha rammekrav og vilkår etter ureiningslova som best mogleg samsvarar med faktisk drift.

Verksemda har aktivitetar som stettar dei sentrale prinsippa i avfallshierarkiet. Avfall vert henta frå, eller levert av, hushaldning og næringsliv og vert handtert for å auke material-

eller energiverdien, og for å redusere ulempe og kostnader med transport til endeleg slutt-handsaming.

Fylkesmannen har vurdert at det ikkje er endringar i utsleppsløyvet som har lempelegare krav enn i tidlegare løyvevedtak. Etter vårt syn treng endringane difor ikkje førehands-varslast eller kunngjerast i forkant. Partane i saka og ålmenta vert orientert om vedtaket ved kopi av dokumenta eller via nettoppslag og kunngjering i lokalavis

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for fastsette vilkår

Generelt
Det vedlagte løyveskrivet er ei endring i ramme og oppdatering av eksisterande krav (vilkår) i løyveteksten frå 2011. Løyvet omfattar både ordinært avfall og farleg avfall. Løyvet medfører plikt å ta imot alt farleg avfall som kundane ønskjer å levere, og som vert omfatta av kap. 11 i avfallsforskrifta. Løyvet omfattar ikkje farlege avfallstypar som andre styresmakter har tilsynsansvar for (vist til i vedlegg 2 til løyvet). Verksemda må sjølv avklare med vedkomande styresmakt om, og eventuelt korleis, slikt avfall skal kunne handterast.

Det vil verte meir vanleg å avgrense aktivitetsnivået til slike verksemder også ut frå mengde handtert per vanleg driftsdag. Vi har funne det unødvendig å ta med det her, då verksemda har aktivitet heile året. Vi legg likevel til grunn at årlege mengder kan reknast om til dagleg kapasitet ved normal dagdrift ved å nytte 200 driftsdøgn per år som omrekningsfaktor.

Vi vil streke under at all ureining frå aktivitetane på verksemda isolert sett er uønskt. Løyvet må likevel forståast som eit løyve til ureining. Det er såleis sett ein rad krav for å minimalisere ureining og miljøulempe frå aktivitetane utover det som er nødvendig som følgje av drifta. Faktorane som vi vurderer har størst innverknad på miljøet, er regulerte gjennom dei spesifikke vilkåra. Utslepp som ikkje er regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagde fram i samband med saks-behandlinga eller må reknast som kjende på anna måte då vedtaket vart gjort. Verksemda pliktar å halde alle utslepp på eit lågast mogleg nivå, og pliktar å rydde opp i eventuell ureining eller forsøpling så snart som råd, jf. også dei generelle pliktane som følgjer av §§ 7 og 28 i ureiningslova.

Vi gjer spesielt merksam på at mange krav går direkte fram av lov/forskrift og er difor ikkje gjentekne i det vedlagte løyve. Når enkelte lovkrav er spesielt nemnde, har vi meint å informere verksemda om spesielt viktige krav, og i nokre høve presisert og tilpassa generelle reglar til verksemda. Ved tvil om tolking må spørsmålet avklarast med Fylkesmannen. Nettstaden www.regelhjelp.no gir oversikt over dei viktigaste ureinings- og avfallshandteringskrav til ei lang rad verksemder i Norge.

Kommentarar til enkelte vilkår
Verksemda har dei seinare åra auka sin aktivitet. For å gje styresmakta og ålmenta informasjon om omfanget av aktivitet, må ramme for handtert mengd avfall fastsetjast i

løyvet. Vi vil presisere at Fylkesmannen til vanleg ikkje overprøver verksemdene sine ønskjer. Vedteke ramme er likevel eit vesentleg grunnlag for Fylkesmannen når vi avgjer kva for vilkår verksemda skal drive etter.

Vi har presisert krav til **internkontroll** for det ytre miljøet. Slike krav går fram av eige forskrift. Vilkårsteksten må difor sjåast på dels som ei presisering av gjeldande lovkrav, og dels som informasjon for å få godt fram viktige krav. Krav til internkontroll vil gjere det nødvendig for verksemda å dokumentere eigne, viktige tiltak for vern av det ytre miljøet. Behovet for skriftleg dokumentasjon og oppfølging vil vere tydlegare for verksemda etter gjennomført risikokartlegging. Risikovurdering, eigne mål, handlingsplanar og skriftlege rutinar er sentrale dokument for internkontrollen, og for HMS-styresmaktene sine tilsyn med verksemda. Merk at brot på løyvet (vilkåra) eller andre reglar etter ureinings- og avfalls-regelverket må handsamast av verksemda som avvik.

Vi har sett inn meir presise krav til verksemda når det gjeld mottak av og hindring av spreiing av **framande, skadeleg artar**. I tillegg er det presisert at verksemda må ha oversikt over, og gjennomføre, nødvendige tiltak mot spreiing av slike artar ved eigen aktivitet.

Verksemda skal ha system som sikrar at fråsortert avfall tilfredsstiller krav som følger av etablerte ordningar for **materialgjenvinning** av avfall. Dersom det vert oppdaga ulovleg avfall inn til anlegget, må dette sorterast frå og gjevast ei lovleg handtering. Avfallet kan berre returnerast til leverandør dersom det er sannsynleg at avfallet får lovleg handtering, eller så raskt som mogleg vert transportert til godkjent mottak i samsvar med ADR-reglane. Leverandøren og Fylkesmannen skal varslast om feilleveringa.
Endringa i 2015 som galdt bruk av granuleringsmaskin og mottak av store køyretøy, er vidareført i dette løyvet.
Merk elles at kap. 11 i avfallsforskrifta om farleg avfall no opnar generelt for at motteke farleg avfall kan lagrast inntil eitt år. Vilkår 3.5.6 omtalar denne lovendringa, og presiserer at verksemda må sikre at avfallet er lagringsstabilt, eller redusere lagringstida.

Lagring av avfall bør så langt råd berre skje på tett flate og som hovudregel under tak. Mottak av større einingar eller større mengd einsarta avfall – som kreosot- eller CCA-impregnert materiale, metall og liknande kan ein av praktiske grunnar likevel mellomlagre ute. Det vert venta at slik lagring skal vere så kort som praktisk råd innafor rammene i løyvet.

Løyvet inneheld fleire særskilde krav til **informasjon**. Generelt skal verksemda informere tilsynsstyresmakta om drifta, men skal også informere ålmenta om miljøpåverknader. Krav til **kompetanse** om handtering av farleg avfall er skjerpa inn i samsvar med tilsvarande krav til denne type verksemder. Det bør nyttast anerkjend nasjonalt kompetansemiljø for å sikre at dei tilsette har tilstrekkeleg kunnskap om klassifisering; at registrering, deklarering, merking og journalføring er korrekt; at ulike avfallstypar ikkje vert blanda; at emballasje er eigna og at det vert forsvarleg lagra fram til vidare levering. Med ”tilknytt kjemikompetanse” som omtalt i vilkår 3.1 meiner vi ikkje at verksemda må ha tilsett person på staden, men at ein må kunne vise til avtale med firma / person med formell kompetanse om farlege eigenskapar ved avfall og korleis dette må handterast på forsvarleg måte.

Drifta ved anlegget vil føre til **støy**. Krava har oppdatert utforming av måleeining for støy, men krava er elles vidareført frå tidlegare løyve. Merk at ekvivalenttida (som er tidsrommet støyutsleppa skal midlast over, her skal reknast for *døgnet* med høgast støyutslepp og *ikkje* over året.

Alle verksemder brukar **kjemikal** i større eller mindre mengder. Kjemikal kan ein omtale som eit kvart stoff eller stoffblanding som er framstilt av menneske, eller vunne ut/samla opp og tiltenkt spesifikk bruk. Det er utvikla eit felles europeisk regelverk (REACH) for kjemikal som kan ha helse- eller miljøeffekt. Verksemda må sjølv syte for å kontrollere at eigen bruk av kjemikal er i samsvar med regelverket, og at hovudkrava er godt kjende av alle som handterer / brukar kjemikal på verksemda. Særleg viktig er verksemda si kunnskap om sikkerheitsdatablad, REACH-regelverket, disponering som avfall/farleg avfall og utbytting til mindre skadelege kjemikal (substitusjon).

Tilhøva til naturmangfaldlova og vassforskrifta

I tillegg til retningslinene i ureiningslova, er også prinsippa i §§ 8-12 naturmangfaldlova lagde til grunn for vår vurdering. Arealbruken er i samsvar med endeleg vedtak etter plan- og bygningslova, og er opparbeidd til industriføremål. Naturmangfald vert i liten grad omfatta av denne endringa, og nærare vurderingar etter §§ 9 – 12, utover det som allereie er gjort for dette arealet, er vurdert å vere unødvendig.

Etter vassforskrifta er det eit krav at alle vassførekomstar skal ha minimum god økologisk status. Det er ikkje sannsynleg at verksemda vil ha utslepp som kan føre til at vassførekomsten (Utla) ikkje tôler eventuell avrenning frå verksemda.

Vurdering av teknikkar/teknologiske forhold

Det er eit viktig prinsipp i Fylkesmannen si sakshandsaming at beste tilgjengelege teknikkar skal takast i bruk for å førebygge ureining. Krava i vilkåra vil difor ofte vere forma som funksjonskrav og ikkje tilstandskrav. Med *funksjonskrav* meiner vi krav som ikkje omtalar spesifikke utsleppsnivå, tekniske tilstandar eller føreset spesifikke tekniske løysingar, men presiserer at verksemda har ansvar for å finne løysing i samsvar med føre - var krav eller beste tilgjengelege teknikkar. Med *tilstandskrav* meiner vi krav som set spesifikke tilstands-grenser for ein type utslepp, men kan også vere tale om bruk av spesifikke reinseteknologiar eller andre tekniske innretningar. Merk at verksemda kontinuerleg må arbeide med å redusere utslepp, jamvel om ein tilfredsstiller gjeldande utsleppsgrenser i løyvet.

Konklusjon

På bakgrunn av søknaden og tidlegare løyve, vurderer Fylkesmannen at endra utsleppsløyve med dei tilhøyrande vilkåra som omtalt i løyvedokumentet kan gjevast. Fylkesmannen vil føre eit risikobasert tilsyn med verksemda.

Løyvedokumentet vert sendt saman med dette skrivet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftsverket, eller som er presisert eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket, er samla i dette dokumentet.

Vedtak om gebyr

Fylkesmannen si handsaming av søknader om nytt eller endra utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, jf. kap. 39 i ureiningsforskrifta. Vi viser til orientering om gebyrplikt. Etter medgått arbeid, vedtek vi med dette at verksemda må betale eit gebyr til staten på kr. 23 400,- for Fylkesmannen si handsaming av søknaden, jf. § 39-5 sats 2 i ureiningsforskrifta. Faktura vert sendt ut seinare av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter mottak av faktura.

Ressursbruk knytt til saksbehandlinga er lagt til grunn ved fastsetjinga. Vi har rekna med kostnader medgått for gjennomgang av saksdokument, interne og eksterne møte, kontakt med søkar og ferdigstilling av vedtak. Kostnader verksemda har til annonsering m.m. er ikkje medrekna.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar må vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrollova, og forskrifter fastsett i medhald av disse lovene, er straffbart.

Brot på ureiningsregelverket er som hovudregel underlagt offentleg påtale. Ureinings-styresmakta vil likevel til vanleg krevje straff for alvorlege eller gjentekne brot på regel-verket. For andre brot på regelverket – og som verksemda ikkje straks/innan rimeleg tid rettar opp, kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp vil til vanleg Fylkesmannen gjere vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73. Hastar det å gjennomføre nødvendig tiltak kan Fylkesmannen også sørgje for igangsetjing av tiltak for den ansvarlege si rekning, jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar

At ureininga er tilleten, fritek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap. 8 (spesielt § 56), og grannelova §§ 6, 7 og 8.

Dette løyvet fritek ikkje søkjaren for ansvar etter anna lovverk som gjeld for denne verksemda, til dømes om arbeidsmiljø, helse eller brannvern.

Klagerett
Vedtaket - også vedtak om gebyr, kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker etter melding om vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendes til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller av eige tiltak, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå sakens dokumenter. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen. Andre opplysningar om reglar som har noko å seie for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Offentleggjering av løyvet
Vedtaket vert kunngjort offentleg for dykkar rekning, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta. Kunngjeringa vil innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Løyvet vert også publisert på Fylkesmannen si nettside.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Sendt saman med dette skrivet:
Utsleppsløyvet med vilkår

Kopi til:
Årdal kommune
Tronteigen grendelag

FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Løyve etter ureiningslova for handtering av avfall i Utladalen i Årdal kommune
Sunde resirk as

Løyvet er gitt i medhald av Lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6, § 11 jf. § 16, § 29 og § 11-6 i Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 1.6.2004 (avfallsforskrifta). Med heimel i § 18 i ureiningslova er løyvet datert 22.02.2011 erstatta med dette løyvet (endring 3). Endra løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 6.7.2016, samt opplysningar framkome under behandlinga av søknaden.

Løyvet gjeld frå dags dato og på dei vilkåra som er gjevne i dette dokumentet.

Verksemddata

Verksemd:	Sunde resirk AS		
Stad, adresse, poststad	P.b. 193, 6882 Øvre Årdal. Besøksadresse: Utladalen industrifelt		
Gards- og bruksnr.	11/54, 11/75		
Kommune og fylke	Årdal i Sogn og Fjordane		
Org. nummer (føretak)	995 772 604	Org.nr. (verksemd)	972 220 248
NACE-kode	38.210 Behandling og disponering av ikkje-farleg avfall 38.220 Behandling og disponering av farleg avfall		

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer	Fagområde	Risikoklasse[1]
10/14368	1424.0015.02 (farleg avfall) 1424.0007.01 (ordinært avfall)	2011.068.T	avfall – mottak, sortering og mellomlagring farlig avfall – mottak og mellomlagring	3

Løyve gitt: 22.02.2011	Endringsnummer: 3	Denne endringa: 20.12.2016
Nils E. Yndesdal Fylkesmiljøvernsjef	Gøsta Hagenlund Sjefingeniør	

Kopiadressatar: Sjå liste i oversendingsbrevet.

[1] Jf. ureiningsforskrifta kap. 39 om gebyr til statskassen for arbeid med tillatelser og kontroll etter ureiningslova

Endringslogg

Endring nr.	Dato endra	Vilkår nr.	Omtale
1	4.2.2015	1 3.4	Mottak av store køyretøy, og bruk av granuleringsmaskin Lagringstid avfall frå vindauge og trykkimpregnert materiale
2	10.6.2015	4.1	Minimumskrav til prøvetakingsfrekvens oljeutskiljar
3	20.12.2016		Mengder motteke og lagra farleg avfall, språklege endringar og tilpassing til endra kap 36 i ureiningsforskrifta og kap. 11 i avfallsforskrifta

Innhald

0. Føresetnader 3
1. Handtering og rammer 3
2. Generelle krav 4
2.1. Avgrensing av utslepp 4
2.2. Plikt til å halde grenseverdiar....4
2.3. Plikt til å redusere ureining så langt som råd....4
2.4. Internkontroll, HMS-dokumentasjon for ytre miljø....5
2.5. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold 5
2.6. Nærmiljø 6
3. Om handtering av avfall 6
3.1. Bemanning og kompetanse....6
3.2. Mottak og journalføring....6
3.3. Informasjon til kundar 7
3.4. Ordinært avfall 7
3.5. Farleg avfall 8
3.6. Eige avfall 9
4. Utslepp til grunn og vatn 9
4.1. Utsleppsgrenser....9
5. Utslepp til luft 10
5.1. Utslepp av lukt 10
5.2. Utslepp av støv m.m. 10
6. Støy 10
6.1. Utsleppsgrenser....10
6.2. Dokumentasjon på støynivå....11
7. Kjemikal 11
8. Beredskap mot akutt ureining og liknande. 11
9. Rapportering og informasjon 12
9.1. Rapportering via nasjonale rapporteringssystem 12
9.2. Annan rapportering og informasjon 12
10. Økonomisk sikring 13
10.1. Finansiell garanti....13
10.2. Krav til rekneskap ved lagring av farleg avfall 13
11. Større endringar 13
11.1. Utskifting av utstyr....13
11.2. Eigarskifte 13
11.3. Nedlegging eller lengre driftsstans 13
VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1. 15
VEDLEGG 2 - Definisjonar 17
VEDLEGG 3 – Innhald i årsrapport 19

0. Føresetnader

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Vilkåra er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbreva, og dokumenta må lesast i samanheng. Nokre viktige omgrep er nærare forklart i vedlegg.

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga, og desse endringane kan ha noko å seie for utforming av vilkår eller verknad for miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

Ombruk av material/stoff på staden eller innsamling av avfall er ikkje omfatta av dette løyvet.

1. Handtering og rammer

Løyvet gjeld handtering[2] av ordinært og farleg avfall frå næring. Løyvet gjeld for ei årleg mengd avfall som det går fram av tabellen:

	Ordinært avfall	**Farleg avfall**
Årleg mengd innvegd avfall	15 000 tonn	200 tonn
Inkludert i årleg mengd avfall	5 kasserte store køyretøy	Mengd farleg avfall frå miljøsaneringa inngår i denne ramma
Maksimalt mellomlagra på anlegget, fast avfall	5 000 tonn	40 tonn
Herav maksimalt mellomlagra på anlegget, flytande avfall		20 m^3

Løyvet omfattar også handtering av ordinært avfall frå hushald etter skriftleg avtale med vedkomande kommune.

Handteringa av ordinært avfall gjeld sluttbehandling og gjenvinning eller førebuing til slik handtering i dei nærare oppgitte operasjonane:

- Sluttbehandling som omfattar: inntransport, mottak, sortering, omemballering, lagring, omlasting og uttransport til godkjent mottakar.
- Gjenvinning som omfattar: inntransport, mottak, sortering, kverning, ned-klipping/skjering, granulering av elektriske leidningar for å skilje isolasjon frå metall, omemballering, lagring, omlasting og uttransport til godkjent mottakar.

Handteringa omfattar ikkje anna behandling (til dømes biologisk eller termisk).

[2] nærare omtale av omgrepet er gitt i vedlegg 2

Handteringa av farleg avfall gjeld sluttbehandling og gjenvinning i dei nærare oppgitte operasjonane mottak, sortering, omemballering, lagring inkludert samlagring, omlasting og transport til godkjent mottakar. Handteringa omfattar ikkje anna behandling av farleg avfall (m.a. fortynning, biologisk eller termisk).

Sluttdisponering (deponering, brenning m.m.) på staden kan ikkje finne stad.

Vilkåra gjeld også for handtering av produkt/råstoff som har opphøyrd å vere avfall etter kriteria i kapittel 18A i avfallsforskrifta, så langt det kan verke skjemmande eller vere ein fare for ureining.

2. Generelle krav

2.1. Avgrensing av utslepp

Utsleppskomponentar frå verksemda som er vurdert å ha størst effekt på miljøet, er uttrykkeleg omtalt eller regulert i vilkåra i dette løyvet. Løyvet tillèt utslepp inntil fastsette grenseverdiar, midlingstider eller normverdiar, så lenge utsleppet ikkje vert vurdert å vere unødvendig for den omsøkte aktiviteten.

Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagt fram i samband med sakshandsaminga, eller på annan måte må sjåast på å ha vore kjend når dette løyvet vart vedteke. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet, eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

2.2. Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innafor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innafor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå kva som følgjer av normal drift på ein slik måte at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3. Plikt til å redusere ureining så langt som råd

All ureining frå verksemda, herunder utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Verksemda må arbeide kontinuerleg for å hindre at ureining oppstår eller aukar, for å avgrense ureining og for ei best mogeleg avfallshandtering. Jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

2.4. Internkontroll, HMS-dokumentasjon for ytre miljø

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse[3] av aktiviteten sin. Analysen skal omtale alle forhold ved verksemda som kan medføre fare for ureining eller avfallsproblem på verksemda sitt område eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjons- eller utsleppsforhold skal analysen oppdaterast. Med grunnlag i analysen skal verksemda vurdere risiko[4] og fastlegge akseptabel risiko for det ytre miljøet. Fylkesmannen kan overprøve verksemda sine vurderingar og konklusjonar.

Verksemda sin internkontroll[5] for ytre miljø skal vere bygt opp etter resultat frå risiko-vurderingane, krav i dette løyvet og relevante krav elles etter ureiningsregelverket. Internkontrollen skal vere dokumentert og etterprøvbar i samsvar med dokumentasjons-krava i gjeldande forskrift. Oppdatert dokumentasjon skal bidra til å sikre at verksemda til ei kvar tid stetter krava i dette løyvet, ureiningslova, produktkontrollova og dei relevante forskriftene til desse lovene.

For uønskte hendingar skal verksemda ha etablere eit dokumentert system for registrering og eiga oppfølging. Plikta gjeld både for interne meldingar og melding/klage frå andre. Verksemda skal gje ei vurdering av årsak til hending, og omtale tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentaking.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane som kan bli truga av akutt ureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik ureining kan føre med seg.

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggande vedlikehald av utstyr som kan gje negativ effekt på miljøet ved utslepp. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

2.5. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunner oppstår fare for auka ureining, skjemmande aktivitetar eller liknande, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal straks informere[6] Fylkesmannen og nabolag

- når utsleppsmåling viser verdi over tillate utslepp,
- når det er aktivitet som mellombels kan føre til at lukt, støy eller nedfall av støv i omgjevnadane er høgare enn normalt,
- når mottak av avfall/råvarer viser seg å kunne gje uføresette utfordringar,

---

[3] Framgangsmåten bør følge NS 5814:2008 Krav til risikovurdering (eller seinare utgåve)

[4] For lukt skal ein vurdere risiko i samsvar med tilrådingane i TA3019/2013, vedlegg 3 (Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven)

[5] Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 06.12.1996 nr. 1127 – eller seinare utgåve (internkontrollforskrifta)

[6] Merk at verksemda også har varslingsplikt etter forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269.

- i situasjonar der utstyr, maskinar eller anna kritiske installasjonar for vern mot utslepp sviktar,
- når avfall vert lagra lenger tid eller på annan måte enn normalt.

2.6. Nærmiljø

Verksemda skal sikre at ulempe - utover det som er nødvendig og tillate i dette løyvet, frå utslepp til vatn og luft, lukt, støy, støv, skadedyr, framande plantar, innsyn, med meir, vert reduserte til eit minimum.

Det skal utarbeidast program for å hindre skadedyr eller etablering av framande, skadelege artar. Framande artar i kategoriane SE, HI og PH skal ikkje finnast på verksemdområdet eller areal i rimeleg nærleik.

Anlegget skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande med minst 2 meter høgt gjerde. Utanom opningstid skal anlegget vere heilt avstengd og låst. Ved inngongsparti skal det vere tydeleg skilt som opplyser om reglar for avfallslevering.

Flygeavfall skal avgrensast mest mogeleg, om nødvendig med fangnett med tilstrekkeleg høgde. Verksemda skal syte for jamleg opprydding. Handtering av avfall som kan medføre fare for ureining eller elles kan vere særleg støyande, skal så langt råd skje innandørs.

Brenning av avfall er ikkje tillate.

3. Om handtering av avfall

3.1. Bemanning og kompetanse

Bemanninga ved anlegget skal vere tilstrekkeleg til at avfall vert forsvarleg teke hand om, mellom anna skal verksemda sikre at feil ved merking, sortering og lagring vert unngått eller retta opp.

Tilsette som handterer avfall skal gjennomføre særskild opplæring av anerkjend nasjonalt kompetansemiljø, eller etter Fylkesmannen sine nærare krav. Alle aktuelle personar skal halde seg oppdatert om gjeldande reglar og normer om stoff/avfall som kan takast i mot på anlegget, og verksemda skal ha ein plan for korleis kompetansen kan haldast vedlike og aukast.

Verksemda må til ei kvar tid ha tilknytt person/firma med kjemikompetanse på minst bachelor-nivå, ved eigen tilsett eller avtale med kvalifisert person/verksemd.

3.2. Mottak og journalføring

Alt motteke avfall skal registrerast på godkjent vekt. Kvar levering frå enkeltkunde skal så langt råd journalførast med eige løpenummer (lagernummer). All registrering må skilje tydeleg mellom avfall frå næring og eventuelt avfall frå hushaldning.

Av journalen skal minst framgå: Dato for mottak, avfallsprodusent, lagerplass/tank, mengd avfall, samt tal kolli/volum der det er relevant.
For farleg avfall må verksemda i tillegg registrere: avfallstoffnummer i samsvar med NS 9431[7], EAL-nummer[8] deklarasjonsnummer, og ved samdeklarering - overført sam-deklarasjonsnummer.

Verksemda skal til ei kvar tid ha oversikt over mengd og type avfall som er motteke, kor lenge avfallet er lagra, dato når avfall forlét anlegget og namn på godkjent mottakar. Journalen må vidare skilje mellom ulikt avfall i samsvar med inndelinga i vilkår 1. Nødvendige opplysningar om avfallet skal vere lett tilgjengelege ved kontroll. Tilsvarande opplysningar skal førast så langt det passar for stoff/materiale som etter gjenvinning har opphøyrd å vere avfall (jf. m.a. kap. 18 A i avfallsforskrifta).

Journalane skal oppbevarast i minst 3 år. Journaldata skal vere sikra med kopi lagra annan stad for å unngå tap ved uføresett hending. Orientering om mengd, type og plassering av brannfarleg avfall skal vere tilgjengeleg i brannsikker avstand frå lagerplass.

3.3. Informasjon til kundar

Verksemda skal gi kundane nødvendig informasjon om korleis avfall kan takast i mot ved anlegget. Det skal leggast særskilt vekt på informasjon som kan føre til auka innsamling av farleg avfall, EE-avfall og andre prioriterte avfallstypar. Mellom anna må det gjevast særskilt informasjon til abonnentar og næringskundar som har bygg-, anleggs- eller rivingsavfall. Informasjonsomfanget skal også bidra til å sikre best moglege sorteringsordningar hos kundane.

Løyvet skal vere lett tilgjengeleg på mottaksstaden, vere publisert på verksemda si heime-side og kopi skal kunne leverast leverandør på førespurnad.

3.4. Ordinært avfall

Verksemda må tilby føremålstenlege sorteringssystem til kundane. Motteke avfall skal gjenvinnast der det er teknisk og økonomisk mogeleg, med mindre det ikkje er rett ut frå avveging av miljøomsyn, ressursomsyn og økonomiske forhold. Gjenvinning skal skje ved førebuing til ombruk eller materialgjenvinning framfor andre val. Avfall som vert teke imot må lagrast så kort tid og på ein slik måte at verdien for ombruk, materialgjenvinning eller energiutnytting ikkje vert forringa.

Blanda/ikkje sortert avfall skal sorterast så snart som råd og seinast innan ei arbeidsveke. Fråsortert, ordinært avfall kan lagrast ved anlegget i inntil 12 månader dersom det ikkje medfører lukt eller avrenning, verkar skjemmande eller materialverdien vert forringa. Fylkesmannen kan etter særskild vurdering, samtykke i lagringstid inntil 36 månader for spesifiserte avfallsmengder og –typar.

---

[7] Norsk Standard med 4-sifra avfallskode (avfallstoffnummer)
[8] EAL: Europeisk avfallsliste, kode med 6 siffer, tatt inn i avfallsforskrifta.

Berre fråsortert restavfall som ikkje er biologisk nedbrytbart eller som ikkje kan gjenbrukast, materialgjenvinnast eller energiutnyttast, kan leverast til godkjent sluttdisponering.

3.5. Farleg avfall

Farleg avfall skal handterast i samsvar med krav i vedlegg 4 til kap. 11 i avfallsforskrifta. I tillegg gjeld følgjande presiseringar:

3.5.1 Generelt om mottak av farleg avfall

Verksemda skal vere registrert som aktør i farleg avfall - systemet, og skal ha alle nødvendige avtalar i det nasjonale farleg avfall - systemet[9] før farleg avfall kan takast imot. Verksemda pliktar å ta imot alle farlege avfallstypar omfatta av § 11-4 i avfallsforskrifta.

Området for handtering av farleg avfall skal vere fysisk skild frå annan aktivitet ved verksemda. Dersom mottak eller vidarelevering består av blanda farleg avfall og ordinært avfall – og som ikkje praktisk kan skiljast forsvarleg, skal alt avfallet handterast som farleg avfall.

3.5.2 Mottak av farleg avfall frå næring

Ved mottak av farleg avfall frå næring skal løyvehavaren sjå til – eller hjelpe til med, at avfallet er deklarert[10]. Dersom ein leveranse inneheld fleire avfallstypar, må det vere minst ein deklarasjon for kvar avfallstype. Løyvehavar må etter førespurnad frå Fylkesmannen melde frå om verksemder som ikkje deklarerer korrekt.

3.5.3 Mottak av farleg avfall frå husstand

Ved mottak av farleg avfall frå husstandar er kommunen ansvarleg for deklarering. Verksemda kan utføre den praktiske registreringa av farleg avfall etter skriftleg avtale med kommunen. Kommunen skal så raskt som mogleg motta og kunne oppbevare all dokumentasjon om slikt avfall.

3.5.4 Lagring av farleg avfall

Lagring av farleg avfall skal skje i samsvar med minimumskrava i avfallsforskrifta kap. 11, vedlegg 4, pkt. 1, med følgjande tillegg/presiseringar:

- Farleg avfall skal ikkje blandast med ordinært avfall.
- Blanding av ulike typar farleg avfall som ikkje kan samdeklarerast, er ikkje tillate.
- Fortynning av motteke farleg avfall for å unngå farleg avfall - klassifisering er ikkje tillate.
- Emballasjen skal vere varig merkt med avfallsstoffnummer og avfallstype.
- Oppsamlings- og absorberande utstyr skal i mengd og storleik vere tilpassa avfallstype og maksimal lagringsmengd.
- Verksemda skal ha kart over lager av avfallet der det går fram kor dei forskjellige typane avfall er lagra.

3.5.5. Lagring av farleg avfall og farlege kjemikal i tank

Utslepp frå tankar for kjemikal eller avfall er ikkje tillate.

---

[9] For tida avtalar med NORSAS

[10] Anlegget kan også avtale å deklarere avfallet for leverandør

3.5.6. Vidarelevering av farleg avfall

Før avfallet vert levert vidare til, eller henta av godkjent mottakar, skal løyvehavar sikre at emballasje er:

- rein og uskadd og eigna for lagring og transport av det aktuelle avfallet,
- merkt med deklarasjonsskjemaet sitt løpenummer påført med vérbestandig merking,
- merkt med avfallstoffnummer (eller annan tilsvarande eintydige opplysning om avfallstype) påført med vérbestandig merking,
- merkt i samsvar med regelverket om transport av farleg gods.
- Deklarasjonsskjema følgjer med alt farleg avfall som forlet anlegget.

Maksimal lagringstid for motteke farleg avfall må følgje avgrensinga i avfallsforskrifta kap. 11, vedlegg 4, pkt. 2. Dersom avfallet ikkje er lagringsstabilt, skal lagringsstida reduserast.

3.6. Eige avfall

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna restavfall som følgje av drifta. Verksemda må skilje mellom eige, farleg avfall som avfallsprodusent og avfall dei handterer for andre som aktør.

4. Utslepp til grunn og vatn

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunn eller vatn som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet ut over det som er nødvendig og tillate i dette løyvet. Avfall skal til vanleg berre handterast på fast dekke med kontrollert fall mot oppsamlingspunkt.

Verksemda pliktar å halde oversikt over eventuell eksisterande ureina grunn på eige område. Ein skal til ei kvar tid ha oversikt over faren for spreiing, og vurdere behovet for tiltak. Er det grunn til å tru at undersøkingar eller tiltak vil vere nødvendig, skal ureiningsstyresmakta varslast om dette.

4.1. Utsleppsgrenser

Oljehaldig avløpsvatn frå avfall, drift av anlegget (verkstad, bilvask, uteområde m.m.) eller overflatevatn skal leiast via sandfang til oljeutskiljar. Utskiljar etablert etter at dette løyvet tok til å gjelde må vere dimensjonert i samsvar med NS-EN-858. Klasse I – utskiljar etter standarden må nyttast dersom det vert tilført vaskekjemikal eller vaskeutstyr som mekanisk fører til at olje vert suspendert eller emulgert i avløpsvatnet. Nedanfor oljeutskiljaren skal det vere ein prøvetakingskum. Oljeutskiljar som er i vanleg bruk skal tømast jamleg for olje, slam og sand, og minimum ein gong per år.

Følgjande utsleppsgrenser gjeld:

Utslepps-kjelde	**Utslepps-komponent**	**Utsleppsgrenser Konsentrasjonsgrense**	**Prøvetakingsfrekvens**
Oljeutskiljar	Olje i avløpsvatn	50 mg/L	I samsvar med eige program, men min. 1 gong per år

Fortynning for å oppnå krav til utsleppsavgrensing er ikkje tillate.

5. Utslepp til luft

5.1. Utslepp av lukt

Verksemda skal syte for at tilsette har nødvendig kunnskap om lukt frå anlegget/ produksjonen, og tiltak/drift som minimaliserer luktutslepp.

Frekvensen av gjenkjennbar plagsom lukt ved næraste eller mest utsette bygning (typar er omtalt i vilkår 9) skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad. Dersom det er særleg grunn til å tru at verksemda slepp ut sjenerande lukt, skal det gjennomførast utslepps-målingar.

5.2. Utslepp av støv m.m.

Aktivitetane må vere lagt opp på ein slik måte at nemneverdig støv ikkje slepp ut til miljøet. All aktivitet som medfører utslepp av støv utover dette må vere innebygt.

Fast dekke må reingjerast jamleg.

6. Støy

Verksemda skal ha oversikt over alle utslepp av støy til miljøet. Jamvel om verksemda held seg innafor grenseverdiane, har ein likevel plikt til å redusere støy mest mogleg med hjelp av beste tilgjengelege teknikkar.

6.1. Utsleppsgrenser

Verksemda sine bidrag til utandørs støy for kvart driftsdøgn ved nærliggande og eksisterande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride desse grensene, målt eller utrekna som frittfeltverdi ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	**Laurdag**	**Sun- og heilagdag**	**Kveld (1900 – 2300), kvardag**	**Natt * (2300 – 0700), alle døgn**	**Natt (2300 – 0700), alle døgn**
55 dB (A) L_{den}	50 dB (A) L_{den}	45 dB (A) L_{den}	50 dB (A) $L_{evening}$	45 dB (A) L_{night}	60 dB (A) L_{AFmax}

* For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

Dersom reintonelyd eller impulslyd opptrer med i gjennomsnitt meir enn 10 hendingar per time, skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, i høve til verdiane gitt i støykrava over.

Alle støygrenser skal haldast i alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sine ordinære aktivitetar, inkludert intern transport på verksemdområdet og lossing/lasting av

råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for bygning av nemnde typar, eller bruksendring av bygning til nemnde typar som er etablert etter at verksemda starta opp. Støygrensene gjeld heller ikkje for bygning av nemnde typar som er eigd eller på annan måte disponert av nokon som har direkte økonomisk interesse i verksemda.

6.2. Dokumentasjon på støynivå

Det er ikkje venta at verksemda vil sleppe ut støy jamleg over sette grenseverdiar. Verksemda pliktar å dokumentere støynivåa etter nærare krav frå Fylkesmannen.

7. Kjemikal

For kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for ureining, skal verksemda dokumentere at den har gjennomført ei vurdering av helse- og miljø-eigenskapane til kjemikalia på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også regelverket om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Det skal vere ei oppdatert vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø som kan vere årsaka av dei kjemikal som vert nytta, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der mindre miljø-belastande alternativ finst, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.[11]

Stoff aleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, bringast i omsetting, eller brukast utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket[12] og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

Verksemda skal unngå å bruke produkt der sikkerheitsdatabladet har manglande opplysningar i seksjon 12 (økologiske opplysningar), 13 (disponering) og 15 (tilvising til norsk regelverk).

8. Beredskap mot akutt ureining og liknande.

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap for å hindre, oppdage eller stanse akutt ureining, forsøpling eller skjemmande forhold. Beredskapen skal vere tilpassa den miljø-risikoen som verksemda til ei kvar tid representerer, og skal også omfatte utstyr til å fjerne og avgrense omfanget og skadane og ulempene som kan skje.

---

[11] Jf Produktkontrolloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

[12] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH) av 30. mai 2008.

Beredskapen skal dokumenterast i ein beredskapsplan, som minimum skal omtale:

- etterprøvbare mål,
- definerte fare- og ulykkessituasjonar (uhellsscenarie),
- rutinar for tiltak dersom fare- og ulykkessituasjonar skjer,
- dimensjonering av personell og deira kompetanse, personleg verneutstyr, innsatsmateriell og responstid,
- skildring av beredskapssamarbeid med eksterne parter,
- skildring av øvingsopplegg (minimum ein gong per år).

9. Rapportering og informasjon

9.1. Rapportering via nasjonale rapporteringssystem

Verksemda skal mellom anna årleg rapportere

- mengder og typar motteke avfall og ureina massar til deponiet,
- utslepp til vatn frå kvart utsleppspunkt,
- utslepp av deponigass og
- avvik frå ureinings- og avfallsregelverket

innan 1. mars på standardiserte skjema som vert gjort tilgjengeleg via nettportalen www.altinn.no. Rapportering skal skje i høve til Miljødirektoratet sin rettleiar til eigen-rapportering frå verksemder, sjå www.miljodir.no.

For rapportering av farleg avfall skal dei fire-sifra kodane i NS 9431 nyttast.

Dette vilkåret trer i kraft når nasjonal ureiningsstyresmakt innfører slikt rapporteringssystem.

9.2. Annan rapportering og informasjon

Verksemda skal årleg, innan utgangen av mars, informere Fylkesmannen om avfalls-handteringa og om alle tilhøve som kan ha relevans for det ytre miljøet. Omfanget må minimum omfatte miljø-/utsleppsforhold som ikkje vert rapportert via Altinn-systemet, og er nærare omtalt i vedlegg 3. Informasjonen må også innehalde ei eigen vurdering av usikkerheit i datamaterialet, resultat frå overvaking og utslepp. Der det ikkje er sett direkte krav til måling, utrekning eller rapportering av spesifikke nivå, må informasjonen likevel omfatta ei vurdering av desse miljøtilhøva. Informasjonen skal også omtale eventuell unormal drift, avvik som gjeld ytre miljø og tiltak.

Verksemda skal informere ålmenta jamleg - og minst årleg, om resultat frå overvaking av vatn og luft. Informasjonen må også innehalde alle relevante tilhøve som kan ha relevans til det ytre miljøet. Særleg vekt skal leggast på informasjon til nærmiljø, der individuell varsling, møte og annan direkte kontakt må vurderast.

Kopi av løyvedokumenta skal vere lett tilgjengeleg for alle tilsette ved verksemda og for alle som har næringsmessig kontakt med verksemda. Løyvedokumenta skal vere publisert på verksemda si heimeside og kopi skal kunne leverast einkvar på førespurnad.

10. Økonomiske forhold

10.1. Finansiell sikring

Verksemda skal stille finansiell sikring for kostnadar med å ta hand om alt farleg avfall dersom verksemda legg ned sin aktivitet, stansar drifta eller får betalingsproblem. Utan ein godkjent finansiell sikring kan anlegget ikkje ta imot farleg avfall ved anlegget, dersom ikkje Fylkesmannen særskilt har godkjent mellombels utsetjing av kravet.

Dersom driftsansvarleg firma vert overdrege, fisjonerer / fusjonerer, får nye eigarar med avgjerande rett til vedtak, eller på annan måte omdannar eller overfører den ureinande verksemda til nytt ansvarleg firma, skal dette vere meldt til Fylkesmannen på førehand. Nytt driftsansvarleg firma kan ikkje drive etter utsleppsløyvet før Fylkesmannen har motteke og godkjent ny tilfredsstillande finansiell sikring frå det nye driftsansvarlege selskapet. Tidlegare driftsansvarleg firma er ansvarleg etter dette løyvet fram til nytt driftsansvarleg firma har etablert finansiell sikring, og denne er godkjent av Fylkesmannen.

Dersom verksemda stiller sikring i form av kontopant, vil Fylkesmannen - dersom forholda vert vurdert å vere tilfredsstillande, føre eventuelle midlar som ikkje har vore nytta til handtering av avfallet attende til verksemda.

Godkjent type finansiell garanti skal ta til å gjelde seinast frå og med 1.1.2018.

10.2. Krav til rekneskap ved lagring av farleg avfall

Lagra farleg avfall skal takast med i verksemda sitt årlege rekneskap i samsvar med rekneskapslova slik at dei framtidige kostnadane ved vidaresending og behandling av dette avfallet kjem fram i rekneskapen.

11. Større endringar

11.1. Utskifting av utstyr

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen på førehand ha melding om dette.

All utskifting av utstyr skal vere grunna på at dei beste tilgjengelege teknologi med sikte på å motverke ureining.

11.2. Eigarskifte

Løyvet kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå Fylkesmannen. Ny eigar kan ikkje ha eller ta imot avfall ved anlegget utan etter avklaring med Fylkesmannen.

11.3. Nedlegging eller lengre driftsstans

Dersom anlegget vert nedlagt eller stansar lenger enn ein 1 månad, skal løyvehavar melde frå til Fylkesmannen. Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter driftsstans, skal det opplysast særskild.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og å rydde opp i avfall. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i samsvar med gjeldande forskrift[13]. Dei tiltaka som vert gjennomførte i slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon på disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell kjøpar/ar.

Ved ny oppstart skal den ansvarlege syte for at driftsstaden er i miljømessig tilfredsstillande stand. Før oppstart skal den ansvarlege i god tid i førevegen gje melding til Fylkesmannen som kan gjere nødvendige endringar i eksisterande løyve, nekte godkjenning av ny ansvarleg eller be om at ønskt aktivitet går gjennom ny søknadsprosess. Dette gjeld for all aktivitet som kan medføre fare for ureining eller kunne verke skjemmande.

[13] Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1.

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går tydeleg fram av vilkåra eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

	Vanlege forkortingar
Bromerte flammehemmarar*:*	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorhaldige organiske sambindingar	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksin og furanar	dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C_{10} - C_{13} (kloralkan C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C_{14} - C_{17} (kloralkan C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzenar	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenylar	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP
Enkelte tensid:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Alkylfenolar og alkylfenoletoksylatar:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilatar	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilatar	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerar	
2,4,6 tri-tert-butylfenol	
Polyfluorerte organiske sambindingar (PFAS)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar

Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer	
Perfluoroktansyre	PFOA
C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA
Tinnorganiske sambindingar:	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT
Polysykliske aromatiske hydrokarbon	PAH
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Siloksanar	
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4
Benzotriazolbaserte UV-filtre	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350

VEDLEGG 2 - Definisjonar

L_{den} A-veid ekvivalent støynivå for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 10 dB / 5 dB tillegg på natt / kveld. Tida i dei ulike periodane er; dag: 07-19, kveld: 19-23 og natt: 23-07. L_{den} er nærare omtalt i T-1442 og definert i rammedirektivet for støy (2002/49). NB! midlingstid for L_{den}-nivået her gjeld for dag, kveld og natt for det døgnet med høgast støyemisjon.
Impulslyd: kortvarig, støytvis lydtrykk som varar mindre enn 1 sekund og der impulslyden er av typen "highly impulsive sound" som definert i T-1442 kapittel 6.
L_{AFmax} er A-vegd maksimalnivå for dei 5 – 10 mest støyande hendingane innafor perioden, målt/utrekna med tidskonstant "fast" på 125 ms.

Med **tett (ugjennomtrengeleg) dekke** meiner ein frostsikkert dekke av sprekkfri asfalt eller betong, alternativt anna dekke med permeabilitet mindre enn $K=1x10^{-6}$ m/s målt i vassmetta tilstand. **Fast dekke** kan byggast opp på same måte, eller vere heil asfalt utan sprekker.

Med **Olje** meiner vi dei totalt ekstraherbare olje- og feittkomponentane som kan ekstraherast frå ein vassprøve med hjelp av organiske løysemiddel (totalt ekstraherbart stoff). Resultatet bør inkludere summen av både upolare komponentar som mineralolje-produkt og mineraloljedelen i smørefeitt, og polare sambindingar som animalsk og vegetabilsk olje og feitt og overflateaktive stoff (tensidar). Vi aksepterer inntil vidare at "olje" vert analysert etter NS-9377 (gasskromatografi) som ves. måler upolare oljekomponentar i kokepunktsområdet $C_{10} – C_{40}$.

Definisjonar av avfall står i §§ 27 og 27a i ureiningslova. Nærare forklaring av avfall som kan deponerast og kva som er farleg avfall er omtalt i §§ 9-3 og 11-3 i avfallsforskrifta. Nokre sentrale definisjonar er omtalt her:

- *Avfall:* kasserte løsøregjenstandar eller stoff som nokon har kassert, har til hensikt å kassere eller er plikta å kassere. Etter dette vert m.a. ureina vatn som er særskild samla opp og meint for lovleg disponering annan stad, omfatta av avfallsregelverket.
- *Farleg avfall:* avfall som ikkje hensiktsmessig kan handterast saman med ordinært avfall fordi det kan medføre alvorleg ureining eller fare for skade på menneske eller dyr.
  I dette løyvet meiner ein her farleg avfall som må klassifiserast som farleg etter definisjonen i § 11-2 i avfallsforskrifta, og som omfattar avfallstypar som Miljødirektoratet og Fylkesmannen har tilsynsanvar for.
  Det vil seie at dette løyvet ikkje omfattar handtering av avfall som høyrer inn under følgjande klasser etter ADR[14]:
  - Klasse 1: Eksplosive stoff o.l. (ansvar DSB, ev. politiet)
  - Klasse 4.2 Sjølvtennande stoff (ansvar DSB)
  - Klasse 5.2: Organiske peroksid (ansvar DSB)
  - Klasse 7: Radioaktive stoff (ansvar Statens strålevern)
- *Handtering* (av farleg avfall) er definert i § 11-3 i avfallsforskrifta som ei fellesnemning for mottak, gjenvinning og sluttbehandling av farleg avfall. Det omfattar også førebuing til og lagring medan ein ventar på gjenvinning eller sluttbehandling.
  I vilkår 1 i dette løyvet er tillate handtering avgrensa til å omfatte handlingar som Fylkesmannen har rettsleg kompetanse til å gje løyve til. Verksemda må såleis sjølv avklare med DSB, politiet eller Statens Strålevern om eventuell handtering av avfall dei har tilsynsansvar for.

[14] ADR: Europeisk avtale om internasjonal vegtransport av farleg gods. Styresmakt: Vegvesenet.

- *Mottak*: eit tilbod, stasjonært eller mobilt, der avfallshavar kan levere farlig avfall.
  I dette løyvet er "mottaket" det stasjonære anlegget på det nærare avgrensa arealet omtalt i løyvet.
- *Gjenvinning* er eit kvart tiltak der hovudresultatet er at avfall kjem til nytte ved å erstatte material som elles ville verte brukt, eller at avfall er vorte forberedt til dette. Nærare omtale av kva for tiltak som kan reknast som nyttiggjering finn ein i vedlegg II i Parlaments- og Rådsdirektiv 08/98 EØS (Avfallsrammedirektivet). Dette løyvet omtalar:
    - R 3 Materialgjenvinning eller gjenvinning av organiske stoff (m.a. kompostering eller andre formar for biologiske prosessar)
    - R 5 Gjenbruk eller materialgjenvinning av andre uorganiske stoff
    - R 12 Utveksling av avfall med sikte på ein av operasjonane R 1 til R 10
    - R 13 Lagring av avfall før ein av dei omtalte operasjonane R 1 til R 12
- *Sluttbehandling:* kan omtalast som dei tiltaka som vert gjort med avfall som ikkje er gjenvinning, til vanleg deponering eller forbrenning utan – eller utan tilstrekkeleg - energiutnytting av avfall Dette løyveskrivet tillet også tiltak som sluttbehandling, t.d. deponering av behandla avfall og ureina massar. Følgande tiltak som del av sluttbehandling er vurdert som aktuelle i dette løyvet, og er nærare omtalt i vedlegg II i Parlaments- og Rådsdirektiv 08/98 EØS (Avfallsrammedirektivet). Merk likevel av slike tiltak sekundært kan føre til at delar av det behandla avfallet vert gjenvunne.
    - D 13 blanding før ein av dei i D 1 til D 12 omtalte operasjonane (omfattar også innleiande operasjonar før bortskaffing, herunder forbehandling som mellom anna sortering, knusing, samanpressing, pelletering, tørring, neddeling, kondisjonering, eller fråskilling før gjennomføring av ein av operasjonane D 1 til D 12)
    - D 14 Ompakking før ein av dei i D 1 til D 12 omtalte operasjonane
    - D 15 Lagring før ein av dei omtalte operasjonane i D 1 til D 14

Med **skadedyr** meinar vi her både arter som kan vere naturleg utbreidd eller som kan ha kome til som følgje av aktiviteten ved verksemda annan aktivitet i tilknyting til verksemda. Dersom tal individ med eit skadepotensial aukar eller det er fare for at tal individ aukar, må tiltak vurderast / eventuelt setjast i verk.

Med **framande artar** legg vi her til grunn IUCN sin definisjon: "Framande artar er artar, underartar eller lågare taxa som har fått menneske til å hjelpe seg med å spreie seg utanfor sitt naturlege utbreiingsområde og spreiingspotensial."
Dei omtalte risikokategoriane er SE (svært høg), høg (HI) og potensielt høg (PH). Kva for artar dette gjeld vil liggje føre oppdatert på www.artsdatabanken.no. Kategoriane SE og HI utgjer særleg stor risiko for stedleg biologisk mangfald, og er omtalt i Artsdatabanken som "svartlista" artar.

Med **kjemikal** meiner ein her kjemiske stoff og stoffblandingar som brukast i verksemda, slik som hjelpekjemikal som vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannhindrande middel m.m.

VEDLEGG 3 – Innhald i årsrapport

Føremål: Å informere tilsynet, kundar og nærmiljø om aktiviteten ved anlegget siste året. Rapporteringa skal generelt gje opplysningar om verksemda som tilsynet har behov for i utøving av tilsynsoppgåvene etter kapittel 7 i ureiningslova (tilsyn med forurensninger og avfall). Opplysningane er offentleg tilgjengeleg så framt dei ikkje vert råka av unntaks- eller teiepliktreglane i forvaltningslova, offentlegheitslova eller miljøinformasjonslova.

Rapporteringsform: verbal og tabell/figur levert elektronisk til miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen på WORD og/eller EXCEL-lesbart format.

Innhald

1. Kort og verbal omtale av drifta siste året.
2. Evaluering av miljøprestasjon[15] (dersom utvikla).
3. Totalmengd avfall som er motteke førre år, og delt etter type (jf. dei 4-sifra kodane i NS 9431). EAL-kode skal spesifiserast så langt råd – jamfør med ramma i løyvet.
4. Lagra avfall pr. 31.12, gruppert som under punkt 3.
5. Levert mengd, gruppert som under punkt 3, og mottakar av vidarelevert avfall. Omtal om verksemda handterer avfall utanom avfallsanlegget.
6. Oversikt over eigne, genererte avfallsmengder.
7. Oversikt over eventuelle skadelege artar og tiltak.
8. Omtale av førebyggande tiltak, eventuelle unormale hendingar, spesielle problem (i høve til ytre miljø) o.l. Her også om tiltak ved eventuell stans i mottaket, påverknadar av miljøet rundt anlegget/verksemda og om moglege eller faktiske utslepp til grunn eller vatn.
9. Omtale av og eigenvurdering av informasjonstiltak (gjerne supplert med resultat av del feilsortert/manglande sortering av avfall av kundane, forsøk på feillevering, osv.).
10. Resultat av målingar av utslepp. Vurder i høvet til grenseverdiar i løyvet, og om utsleppa har auka, minka eller ligg på same nivå som førre år.
11. Omtale av skriftlege eller muntlege klagar eller merknader til drifta frå andre, og om eigen oppfølging.
12. Omtale av visuelle tilhøve som kan verke skjemmande.
13. Oversikt over energileiingssystemet.
14. Vurdering av utbytting (substitusjon) av kjemikal med andre, mindre farlege kjemikal.
15. Oversikt over type økonomisk sikkerheit, og storleiken på nødvendig, avsett beløp. Vurder om behov for endring. minimum kvart 5. år skal nytt grunnlag sendast inn for godkjenning.

Informasjon som er gjort tilgjengeleg for Fylkesmannen via andre rapporteringssystem, treng ein ikkje repetere i denne årsrapporten.

---

[15] "Miljøprestasjon" (Environmental performance evaluation (EPE)) er eit omgrep for verksemder som er sertifisert etter ISO 14000 eller registert etter EMAS-forordninga, og nærare omtalt i NS-EN ISO 14031. Verksemd som ikkje har slikt miljøstyringssystem, kan nytte opplegg og råd i NS-EN ISO 14031 så langt det passar, eller rapportere etter pkt. 3 – 10 i denne lista (så langt det passar).